

Statsminister Erna Solberg
Finansminister Siv Jensen
Kulturminister Trine Skei Grande
Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner
Postboks 8001 Dep
0030 Oslo

Hovdebygda, 8. mars 2019

Nynorsk-prioriteringar i statsbudsjett 2020

På vegner av nynorskinstitusjonane takkar Nynorsk forum for viktige løyvingar i statsbudsjettet for 2019. Vi legg i dette brevet fram ei ønskt prioritering i statsbudsjettet for 2020 som alle dei 16 medlemene står bak etter drøfting og samrøystes vedtak.

Medlemene i Nynorsk forum er glade for at regjeringa Solberg «vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for dei offisielle språka i Noreg og dei to jamstilte målformene i norsk». Sidan 1885 har dei to norske skriftspråka vore formelt jamstilte, men den reelle jamstillinga krev ein aktiv språkpolitikk i offentleg regi.

Dei fire regjeringspartia har i regjering og gjennom budsjettforlik synt ein vilje til å prioritere dette, med anna med finansiering av nynorskinstitusjonar, digitalisering av ordbøkene og tilrettelegging av språkbanken for digitale tenester.

Målet om jamstilling krev aktivt arbeid. Nynorsk forum føreset at dei nye læremidlane etter fagfornyinga kjem til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål, at det blir utvikla læremidlar for høgare utdanning på begge dei norske skriftspråka og at regional og nasjonal statsforvaltning røktar språkansvaret sitt godt. Stoda for nynorsk som kvardagsspråk må òg vere langt framme når regjeringa planlegg endringar i litteratur- og mediepolitikken. Reell jamstilling krev noko meir enn berre marknadsmakt.

2 Prioriterte enkelttiltak i kunnskapsbudsjettet 2020. Sjå vedlegg 1

1	KD	Språkdelte klassar i ungdomsskulane
2	KD	Digitale læremidlar på nynorsk

3 Prioriterte enkelttiltak i kulturbudsjettet 2020. Sjå vedlegg 2

			2019	Behov	BU 2020
1	KUD 328.70	Nynorsk kultursentrum: Vinje-senteret, drift	20 500 000	+2 000 000	22 500 000
2	KUD 326.73	LNK v/ Framtida.no og Framtidajunior.no	1 545 000	+1 300 000	2 845 000
3	KUD 335.73	Nynorsk avissenter	2 905 000	+ 350 000	3 255 000
4	KUD 326.73	Nynorskrobot i Nynorsk pressekontor	800 000 (BU2018)	+ 200 000	1 000 000

4 Nynorsk i mediepolitikken

Bondeungdomslaget i Oslo • Dag og Tid • Det Norske Samlaget • Det Norske Teatret • Jærmuseet / Garborg-senteret • Kringkastingsringen • Landssamanslutninga av nynorsk kommunar • Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa • Noregs Mållag • Noregs Ungdomslag • Norsk Barneblad • Norsk Målungdom • NRK Nynorsk mediesenter • Nynorsk avissenter • Nynorsk kultursentrum • Nynorsk pressekontor • Nynorskfylket

Nynorsk forum registrerer at regjeringa vil samle all mediestøtte i éi ordning. For å sikre nynorsk innhald i digitale flater og på prent er pressa avgjerande. NRK er den produsenten av nasjonalt medieinnhald, innanfor størst mangfald av emne, på nynorsk som når flest. Støtteordningane tek i dag for lite omsyn til at det samla sett er eit svakare nasjonalt nynorsk medietilbod enn det samla talet nynorskbrukarar skulle tilseie.

Dag og Tid har i mange år auka opplaget og fått mange fleire lesarar, men pressestøtta har minka. Det er sær sars uheldig. Dag og Tid er ei viktig avis for kvardagen til nynorskbrukarane. Avisa treng auka ressursar for å overleve i ei krevjande omstillingstid.

5 Digitalt innhald til barn og ungdom

I dei overordna planane for viktige nynorskinstitusjonar går stikkorda *digital, barn og unge* att. Det blir arbeidd med nye tiltak på fleire hald. Større økonomisk armslag og målretta løyvingar ville styrke samarbeidet mellom teater, forlag og nynorskorganisasjonane på ein svært fruktbar måte.

Det fremste tiltaket for å styrke nynorskinstitusjonane og dermed nynorsksatsinga i statsbudsjettet, er ein generell auke i basisløyvinga til institusjonane. Utanom det som er nemnt ovanfor, bør desse fem institusjonane få ein tydeleg realauke i 2018:

- Det Norske Samlaget
- Det Norske Teatret
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar
- Noregs Mållag
- Nynorsk kultursentrum

6 Læremiddel på nynorsk for vaksne

Vegen til integrering går gjennom språket. Dei siste åra har det kome nokre nye læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar. Likevel er det svært langt att til innvandrarane har den same valfridomen for læremiddel, og ordbøker, på nynorsk som dei har på bokmål.

Det er òg eit særleg behov for å utvikle norskspråklege læremiddel i profesjonsfaga i høgare utdanning. Svært mange juristar, legar, tannlegar, lærarar, sjukepleiarar, sosial- og barnevernsarbeidarar, barnehagelærarar og polititilsette arbeider i nynorskområde. For at dei skal kunne gi innbyggjarane gode tenester på eige språk treng dei å sjå fagspråk på nynorsk gjennom opplæringa.

Vi utdjuar gjerne vurderingane av desse prioriteringane viss det er ønskeleg, svarar når som helst på spørsmål og ønsker lykke til!

Med vennleg helsing

Nynorsk forum

Per Magnus F. Sandsmark
sekretær

Kopi: Medlemer frå regjeringspartia i Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, Familie- og kulturkomiteen, Finanskomiteen og dei parlamentariske leiarane frå dei same partia.

Vedlegg 1 Nærare om enkelttiltaka i kunnskapsbudsjettet

1 Språkdelte ungdomsskular

I november 2016 bad Stortinget «regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte».

Odda kommune har inntil nyleg drive med slik språkdelling i alle år. Kommunen har opplyst til Noregs Mållag at det kostar om lag ein million per skulesteg per ekstra klasse.

Kunnskapsministeren sa i spørjetimen i Stortinget 12.4.2018 at innføring av språkdelte ungdomsskular er ei sak for statsbudsjettet. Utdanningsdirektoratet har sendt brev til Kunnskapsdepartementet om kostnadene, men brevet er ikkje offentleg. Granavold-erklæringa slår fast at regjeringa vil "utrede språkdelt ungdomsskole". Kostnaden må gjelde det å opprette eigne klassar for nynorskelevar der slike klassar ikkje finst, og der ei språkdelling fører til fleire klassar på steget enn det ville ha gjort med noverande inndelingssystem. Truleg har 30–40 skular kvart år ei elevsamansetjing som gjer at dei må opprette ein–tre ekstra klassar. For skuleåret 2017–2018 skulle det ha vore oppretta om lag 50 ekstra klassar, føresett eit minste elevtal på 15 elevar for rett til språkdelling.

Nynorsk forum bed om at denne saka blir prioritert i statsbudsjettet frå Kunnskapsdepartementet.

2 Digitale læremidlar på nynorsk

Kontakt med skular viser at dei i den digitaliserte skulekvardagen tyr til mange appar og læringsverktøy på bokmål, fordi nynorskversjonen ikkje finst. Samstundes gjer fagfornyinga som skal setjast i kraft frå skulestart 2020 til at læremiddel skal fornyast i stort sett alle fag og på alle steg, uavhengig av publiseringsform. I slike læreplanreformer er røynslene diverre at nynorskelevane opplever store manglar på læremiddel ved skulestart. Summen av desse to kan føra til ein svært uheldig situasjon for nynorskelevane.

Det har ikkje vore råd å få fram tal for kva som skal til for å koma i mål med ei tilstrekkeleg språkversjonering. Eit stykke på veg kjem det også mest an på språkleg vilje, fordi det formelle lovverket kan tøygast og omgåast. Det gjeld særleg digitale læringsverktøy der produkta/appane er mange og små, og dermed meir fragmentariske innslag i undervisninga enn dei større læreverka.

Nynorsk forum bed om at Kunnskapsdepartementet prioriterer at nynorskelevane har eit fullgodt tilbod på nynorsk i alle fag frå hausten 2020, uavhengig av produksjonsplattform og moglege veikskapar ved definisjonane i opplæringslova.

Vedlegg 2 Nærare om enkelttiltaka i kulturbudsjettet

1 Utviding for ordinær drift ved Vinje-senteret

Vinje-senteret for diktning og journalistikk er viktig for å formidle kva journalistikk og skjønnlitterær prosa tyder i norsk kultur for barn og vaksne. Nynorsk forum syner til merknadene frå ein samrøystes familie- og kulturkomité i Innst. 14 S om løyvingar på statsbudsjett for 2019 «Komiteen vil likevel påpeke at Vinje-senteret bare har én fast ansatt, og at midler til drift ikke har økt i takt med midlene til utstilling og bygg. Videre utvikling av innholdet vil være avhengig av at det også fremover settes av friske midler til drift.»

2 Driftsmidler til Framtida.no og Framtidajunior.no

Nyhende- og debattavisa for unge, Framtida.no, har vore organisert som eit prosjekt fram til no, og søker om eit tilleggstilskot på 600 000 kr. Dette vil sikre meir føreseieleg drift, og gjere det enklare å satse på prosjekt som tillegg til drifta. I 2018 var 650 000 brukarar frå heile landet innom Framtida.no. Få andre nynorsktiltak når så mange brukarar for så lite pengar som Framtida.no. LNK har arbeidd målretta med å få finansierte tiltaket frå fleire kjelder. I tillegg til Kulturdepartementet mottok Framtida.no fast støtte frå Fagforbundet og ABC Startsidan.

Framtidajunior.no blei starta med støtte frå Kulturdepartementet, bidreg til eit sterkt og levande norsk språk gjennom dagleg frivillig bruk av språket. Nettstaden har nyhende, faktaartiklar, kultursaker, boktips, spel, skrivekonkurransar, debatt, video og aktivitetar for barn mellom 7 og 13 år. Sidan byrjinga i oktober 2017 har nettstaden nådd over 100 000 brukarar, og no er det også auke i trafikken i helgar og ferier. Tiltaket er avhengig av eit tilskot på 700 000 kr for å bli vidareført.

3 Auke til Nynorsk avissenter

Nynorsk avissenter treng 350 000 kr i tillegg til driftstilskotet for 2019 på 2 905 000 for å få på plass ei heil stilling som faglærer frå 2020. Avissenteret har i dag berre ei fast stilling. Drifta er svært effektiv, takka vere tett samarbeid med NRK Nynorsk mediesenter og Firda Media, men det er sårbart når drifta er knytt til ein person. Faglærer i heil stilling betyr at avissenteret kan auke frå ni til ti nynorskpraktikantar i året og samstundes tilby nynorskavisene i landet fleire tenester og tettare oppfølging. Vertsavisa Firda Media vil i tilfelle auke tilskotet sitt med 70 000 til 670 000 i 2020.

4 Nynorskrobot i Nynorsk pressekontor

I jubileumsåret til Nynorsk pressekontor (NPK) er nynorskroboten det viktigaste utviklingsprosjektet. Det vil medverke til at nynorsk og bokmål er mest mogleg jamstilte som mediespråk. I tillegg til løns- og prisvekst som auke av driftstilskotet søker Nynorsk pressekontor om 1 000 000 kroner til vidareutvikling og ferdigstilling av Nynorskroboten. Tiltaket er viktig for nynorsk mediespråk generelt, og byråstoff på nynorsk spesielt.

Etter nesten eit år med utvikling, utprøving, nye samarbeidspartnarar, stor interesse og ei omlegging av heile prosjektet der vi har flytta all utvikling heim til NTB/ NPK ser NPK at prosjektet har blitt større enn dei sjølv. Tilskotet på 1 million kroner er ein eingongssum.